


Norddal kommune



Personalpolitiske retningslinjer

Innleiing.

Norrdal kommune produserer tenester som Norrdalssamfunnet er avhengige av kvar einaste dag gjennom året. Tenestene våre er pålagt gjennom lovverket og kommunestyrevedtak.

Det er gjennom medarbeidarane Norrdal kommune produserer sine tenester, dei tilsette er difor ein av dei viktigaste resursane Norrdal kommune rår over.

Kommunestyret har øvste arbeidsgjevarmynde i Norrdal kommune, og det er kommunestyret som skal gi retning og hovudmål for arbeidet innanfor personalområdet.

Norrdal kommune deler personalområdet i to områder, personalforvaltning og arbeidsmiljø (HMS). Innanfor personalforvaltning har kommunestyret i samsvar med kommunelova delegert oppgåver til partsamansett utval og rådmannen, på dette området har og dei tillitsvalde pliktar og rettar i samsvar med avtaleverket. Innanfor arbeidsmiljø styrer arbeidsmiljølova med forskrifter det meste av arbeidet. I samsvar med lova har Norrdal kommune arbeidsmiljøutval og verneombod, oppgåver til desse er gitt gjennom lov og forskrifter.

Formål

Gjennom dei personalpolitiske retningslinene gjev Kommunestyret føringar for personalarbeidet i Norrdal kommune, frå utarbeiding av styringsdokumentasjon til konkret gjennomføring av prosessar og oppgåver.

1. Visjon og hovudmål

1.1 Visjon og hovudmål for personalforvaltninga i Norrdal kommune

Visjon for personalforvaltninga i Norrdal kommune:

Myndiggjorte og motiverte medarbeidarar som produserer gode tenester.

Hovudmål for personalarbeidet i Norrdal kommune.

- 1. Norrdal kommune skal ha tilsette i det omfang som tenesteproduksjonen krev.***
(Målast gjennom kostraindikatorar)
- 2. Norrdal kommune skal syte for å ha den nødvendige kompetansen som krevst for tenesteproduksjonen og den enkelte funksjon.***
(Målast gjennom antall tilsettingar utan fagbrev på fagarbeidarnivå og antall tilsettingar på høgskulenivå utan relevant utdanning i prosent)
- 3. Norrdal kommune skal ta vare på og ha motiverte tilsette.***
(Målast i medarbeidarundersøking spørsmål "Alt i alt hvor fornøyd er du med arbeidssituasjonen din")

1.2 Visjon og hovudmål for arbeidsmiljøet i Norddal kommune

Visjon for arbeidsmiljøet i Norddal kommune

Ingen tilsette i Norddal kommune avsluttar sitt arbeid med bakgrunn i tilhøve på arbeidsplassen.

Hovudmål for arbeidsmiljøet i Norddal:

- 1. Norddal kommune skal ha lågare sjukefråvær enn snittet av kommunane i Møre og Romsdal.***
(målast etter statistikk på fylkesnivå)
- 2. Norddal kommune skal ikkje ha personskadar med sjukefråvær i forbindelse med utføring av arbeid i Norddal kommune.***
(Målast gjennom skaderapportar)

2. Samarbeid og fokus i personalforvaltninga

2.1 Samarbeid personalforvaltning

Norddal kommune etterlever lov og avtaleverk. I Norddal kommune skal:

- Rådmannen og partsamansett utval skal ha faste møter i samsvar med vedteken møteplan.
- Rådmannen ha faste møter med dei hovudtillitsvalde i samsvar med vedteken møteplan.
- Tillitsvaldsordninga brukast aktivt i samband med personalforvaltninga.
- Dei tillitsvalde sitt ansvar og oppgåver synleggjerast i dokumentasjon der dei skal involverast etter lov og avtaleverk.

2.2 Fokus personalforvaltning

Norddal kommune skal ta vare på og motivere sine tilsette, dette gjer ein gjennom å ha fokus på fleire områder:

Livsfaseorientering

- Tilpassing ved spesielle behov

Norddal kommune skal i den grad tenesteproduksjonen og kravet om likebehandling tilet det, legge til rette arbeidsplassen når spesielle behov tilseier dette. Tilpassinga kan ikkje medføre urimelige ulemper for andre kollegaer.

- Gje permisjon i ulike høve

Gjennom permisjonsreglementet, i samsvar med avtaleverk og lovverk gir Norddal kommune permisjon ved ulike høve til tilsette i Norddal kommune.

- Bidra til at seniorar står lengre i arbeid.

Gjennom seniorpolitisk plan får tilsette frå og med det året dei fyller 62 år til dei fyller 67 år moglegheit til å inngå avtale med Norddal kommune for å motivere den enkelte tilsette til å stå i arbeid fram til dei fyller 67 år.

- Kompetanseutvikling.

Norddal kommune skal ha ein kompetanseplan som syner kva områder Norddal kommune manglar kompetanse. Den enkelte tilsette har ansvar for si eiga utvikling og kan saman med sin næraste leiar vurdere om det er aktuelt med vidareutdanning i forhold til behova til Norddal kommune.

Lønsutvikling

Norddal kommune skal kunne tilby nødvendig løn for å rekruttere, utvikle og behalde dyktige og motiverte arbeidstakarar. Lønspolitisk plan skal gje føringar for prosessane rundt lønsutvikling i kommunen, dette omfattar også prosessar i tilfelle der det er ønskjeleg å gå utover normal lønsramme for enkelte tilsette, eller i forbindelse med rekruttering.

Rekruttering på områder med rekrutteringsutfordringar

Norddal kommune har gjennom siste åra hatt utfordringar med å få tak i kvalifisert personale innanfor fleire områder. Norddal kommune skal ha rekrutteringsplanar på områder der det er spesielt vanskeleg å rekruttere.

3. Samarbeid og fokus i arbeidsmiljøarbeidet

3.1 Samarbeid arbeidsmiljø

Norddal kommune skal halde seg til lov og avtaleverket i forhold til arbeidsmiljø (HMS).

Arbeidsmiljølova med forskrifter regulerer i stor grad tryggleiken til arbeidstakarane i Norddal kommune. Denne set og krav til at Norddal kommune har AMU og verneombodsordning. I Norddal kommune skal:

- Rådmannen ha faste møte i AMU i samsvar med vedteken møteplan.
- AMU og verneombodsordninga brukast aktivt i samband med arbeidsmiljøspørsmål.
- AMU og verneomboda/ hovudverneombodet si rolle synleggjerast i dokumentasjon der dei skal involverast i samsvar med lov og avtaleverk.

3.1.2 Fokus arbeidsmiljø

Norrdal kommune skal ha fokus på:

- Arbeide førebyggjande for å unngå skadar og ulykker.
- Søke å finne årsak til skadar og ulykker.
- Å ta lærdom av skadar og ulykker.
- Å sette i verk korrigerande tiltak ved behov
- Å arbeide og legge til rette for eit lågare sjukefråvær

Alle tilsette i Norrdal kommune har plikt til å rapportere ulykker og tilløp til ulykker. Dersom det er umiddelbar fare for liv og helse skal den tilsette straks sette i verk tiltak og varsle.

4. Ansvar.

Kommunestyret:

Kommunestyret skal gjennom personalpolitiske retningslinjer styre personalforvaltninga og arbeidsmiljøarbeidet.

Partsamansett utval:

Partsamansett utval skal vedta og rullere dei planane det har delegert mynde til å vedta.

Partsamansett utval skal også fatte vedtak i personalsaker som er prinsipielle.

AMU:

Skal drøfte og søke løysning på saker som har med arbeidsmiljøet å gjere. Arbeidsmiljøutvalet skal gjennomgå rapportar som har med yrkessjukdommar, arbeidsulykker og nestenulukker. Dei skal søke å finne årsakene og sjå til at arbeidsgjevar treff tiltak for å hindre gjentakingar. Dersom arbeidsmiljøutvalet finn det påkravd å sette i verk tiltak for å verne arbeidstakar sit liv og deira helse kan utvalet pålegge rådmannen å sette i verk konkrete tiltak.

Rådmannen

Sørgje for at organisasjonen har den kompetanse den har behov for til å produsere dei tenestene som er pålagt. Ha oversikt over kompetanse og arbeidskraft-behov og vere proaktiv i forhold til dette.

Rådmannen skal sørgje for

- eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i samsvar med lov og forskrifter
- eit godt arbeidsmiljø for alle tilsette
- at det er tilstrekkelig med skriftelige prosedyrar og planar innanfor personalområdet, som sikrar god styring og tydeleg ansvarsfordeling.

Fagorganisasjonane sine tillitsvalde.

Delta i dei prosessar som er pålagt i samsvar med avtaleverket, og bidra i prosessar for å betre personalforvaltninga.

Hovudverneombod/ verneombod

Bidra til eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø og gje både tilsette og arbeidsgjevar melding dersom det oppstår situasjonar som ikkje er forsvarlege. Bidra i prosessar for å betre arbeidsmiljøet.

Den enkelte tilsette

Den enkelte tilsette skal følgje vedtekne prosedyrar, delta og bidra til forbetringar både i forhold til det faglige og arbeidsmiljø. Alle i Norddal kommune har plikt til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

Vedlegg: ansvarsmatrise

Ansvarsmatrise:

	Personalforvaltning						HMS				
	Visjon	Hovud mål	Delmål	Politiske Planar	Operative planar	Prosedyrar	Visjon	Hovud mål	delmål	Planar	Prosedyrar
Kommunestyret	Vedta	Vedta									
Partsamansett	Innstille	Innstille	Vedta	Vedta							
Rådmann	Innstille	Innstille	Innstille	Innstille	Vedta	Vedta					
Hovudtillitsvalde	Drøfte	Drøfte	Drøfte	Drøfte	Drøfte	Drøfte					
Kommunestyret							Vedta	Vedta			
Rådmannen							Innstille	Innstille	Vedta	Vedta	Vedta
AMU							Drøfte	Drøfte	Drøfte	Drøfte	
Hovudverneombod							Drøfte	Drøfte	Drøfte	Drøfte	Drøfte

